



Vil ha hjelp frå ny opplæringslov

Ei ny undersøking viser at under 25 prosent av rektorar ved nynorskskular meiner at det mest brukte digitale

læremiddelet deira fungerer like godt på nynorsk som bokmål.

SIDE 8–9

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2
april 2022

Krev at lærarar blir høyrde om læremiddel

Digitaliseringa av grunnskulane i Noreg har skjedd i ulikt tempo, utan nasjonal styring. Kvar er kvalitetssikringa, spør Siri D. Langlo (biletet), lærar og tillitsvald i Utdanningsforbundet.

Side 4–6

LANDSMØTET I NOREGS MÅLLAG

Fem fråsegnar

Les dei fem fråsegnene som vart vedtekne på landsmøtet til Noregs Mållag 2022.

SIDE 20–21

Foto: Kristianne Marøy

Brenna på besøk

Tonje Brenna (Ap) kom innom landsmøtet og svarte på spørsmål frå salen.

SIDE 16–17

Foto: Kristianne Marøy

To debutantar fekk pris

Tone E. Solheim og Stein Torleif Bjella vart tildelt litteraturprisar for sine debutromanar.

SIDE 14–15

Foto: Kristianne Marøy



Eit skuldetrekk frå statsråden

NT Den digitale tilgjengelegheta er blitt «ei sovepute for kommunane». Elevane får fleire år gamle lærebøker på papir, slik at lærarar må google seg fram til aktuelle undervisnings tema. «Økonomi og ei overdrevne tru på teknologi» styrer kva digitale læremiddel elevar får tilgang til.

NT Lærar og fylkesstyremedlem i Utdanningsforbundet i Trøndelag, Siri Denstad Langlo, er ikkje nådig når ho skal skildre stoda i dagens Skule-Noreg.

NT Digitale hjelpemiddel i skulen vart endå meir aktuelle då skulane stengde ned i mars 2020. Ei «sjokkdigitalisering» følgde, ifølgje Ulv Pedersen, leiar i Forleggerforeningen. Han utelukkar ikkje at tilbodet til nynorskelevane i denne perioden er blitt därlegare. Rett og slett fordi det er mange læringsressursar som ikkje finst på nynorsk.

NT Det er på tide å ta eit steg tilbake, meiner både Langlo og Pedersen. Lærarar må bli tatt meir med på råd når læremiddel skal veljast, og vi må innsjå at skulen ikkje kan vere heildigital, meiner dei.

NT Digitale læremiddel kan vere fantastiske, og det er naudsynt å ta dei i bruk i skulen. Samtidig er det rimeleg å etterlyse ei kvalitetssikring av desse, spesielt med tanke på nynorskelevane. Då kunnskapsminister Tonje Brenna vart utfordra under landsmøtet på kva vi kan gjere for at Google skal ta språkansvar for sitt skulematteiell, hadde ho ikkje nokon gode svar. Eg trur ikkje det hjelper om eg ringer Google, sa ho. Og der står visst saka.

NT Trass i at departementet understrekar at val av læremiddel ikkje skal vere basert på økonomi åleine, og at det er viktig å lytte på råd frå lærarane, så er læremiddel til sjunde og sist skuleeigarane sitt ansvar. Kommunane. Men når Google ikkje lyttar til statsråden, kva har då ein ordførar i ein liten kommune å stille opp med?

POLITIKK: Det vi vedtok på landsmøtet, må bli offisiell norsk språkpolitikk. Eg ser fram til å gjøre det nye arbeidsprogrammet til røyndom saman med eit glitrande styre og ein rekordstor organisasjon, skriv Peder Lofnes Hauge.



Det var stor semje om det meste då det 102. **landsmøtet** i Noregs Mållag handsama nytt prinsipprogram og nytt fireårig arbeidsprogram.

Det er fredstid i mållaget,

NT LEARTEIGEN



PEDER LOFNES HAUGE
Leiar i Noregs Mållag

menar denne våren, men ho skal sjølv opp til den viktigaste eksamenen når ho legg ny opplæringslov fram for Stortinget. Brenna helsa til landsmøtet vårt og fekk med seg ei tydeleg melding heim frå landsmøtet og våre over femten tusen medlemer: Den nye lova må sikre nynorskelevane ei fullverdig lese- og skriveopplæring!

VI KREV AT nynorskelevane får rett til å høyre til i eigne språkgrupper gjennom heile grunnskulen. Det er det all grunn til åtru at dei får. Men den kanskje største utfordringa nynorskelevane har i dag, er mangel på digitale læremiddel, læringsressursar og skriveprogram på nynorsk. Det er ein skandale at elevar får raude strekar under ord dei skriv rett. Når koronaen herja og elevane sat vekselvis heime med digital undervisning, blei utfordringane sårbar nynorskelevar møter til dagleg, ytterlegare forsterka. Men også den vanlege klasseromskvarden blir meir og meir digital. Penn og papir blir bytt ut med PC og padde, og nynorskelevane tapar på det.

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Anita Grønningsæter Digernes

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



men like fullt vilje til strid

DET VI VEDTOK på landsmøtet, må bli offisiell norsk språkpolitikk. Eg ser fram til å gjere det nye arbeidsprogrammet til røyndom saman med eit glitrande styre og ein rekordstor organisasjon. Tusen takk for tilliten! Å vere leiar i Noregs Mållag er eit sant privilegium. Takk til alle dei som brukte helga si på landsmøte, og til alle dykk som er med på laget. Dess fleire vi er, dess sterkare er vi i møte med styresmaktene. Særleg kjekt var det å sjå og møte mange nye medlemer som var på sitt første landsmøte i mållaget. Vi håpar alle hadde det kjekt og opplevde at det gav kveik å bruke helga si på målsak!

ORDSKIFTA OG POLITIKKEN vår blir betre av at flest mogleg deltek med sine meningar og perspektiv - også frå talarstolen i plenum. Av 143 utsendingar med røysterett var 71 kvinner og 72 menn. 32 kvinner og 39 menn var på talarstolen i løpet av helga. Men der dei 32 kvinnene teikna seg til saman 55 gonger, hadde dei 39 mennene ikkje mindre enn 103 innlegg. Kvar for seg interessante bidrag, men vi menn har ikkje dobbelt så mykje interessant på hjartet, trur eg. Til neste gong håpar eg enno fleire nye medlemer - og særleg kvinner - tar ordet.

VI SOM ER aktive i mållaget i dag, står på skuldrene til kvinner og menn som har stridd for målsaka før oss. Vidare vekst og vinning for nynorsken skal komme med oss. Då er det godt at vi stadig blir fleire.

Den kanskje største utfordringa nynorsk-elevane har i dag, er mangel på digitale læremiddel, læringsressursar og skriveprogram på nynorsk. Det er ein skandale at elevar får raude strekar under ord dei skriv rett.

Fordelen med at Bjørn Dæhlie flyttar til utlandet er at det prosentvis vert fleire nynorskbrukarar i Noreg.

Voss Mållag på Twitter

Svenskene Mathilda og Sofia elsker å være på afterski i Trysil, men de sliter litt med dialekter.

Dagbladet 16. april

Birger Heimdal sjarmerte Linni Meister allerede i første episode med Karmøy-dialekten sin.

Se og Hør om

«Linni søker drømmeprinsen».

fekk meg kjærast for å skape ein ny nynorskbrukar

Marit V. Fjeldvær på Twitter

Sei kva du vil om nynorsk, men bøyninga «å aka, ek, ok, har eke» er unhinged, fantastisk og objektivt best.

@HeneLumi på Twitter

NRK

Medvedtsjuk ber om fangeutveksling
12:36 KRIGEN | UKRAINA

Leste denne overskriften fem ganger før jeg skjønte at Medvedtsjuk ikke var en obskur nynorsk betegnelse.

Anders Møller-Stray på Twitter

Sogn og Fjordane: Ekstremt mykje nynorsk, ekstremt lite puslete natur

Bergen: Litt nynorsk, ganske lite puslete natur

Oslo: Mykje bokmål, mykje puslete natur

Danmark: Sjukt mykje bokmål, sjukt puslete natur

Jens Kihl på Twitter

09:34
Nynorsk_Fjord
Innlegg
Nynorsk_Fjord
Åh! Nynorsk! Nå ble jeg kjempegladd! 😊
Sogn og Fjordane? 😊
Oh yeah! Trivselsfyrar! ❤️
Konge
Jeg er sjarmert i senk allerede
Likt av sveimungsprotokol og 290 andre
nynorsk_Fjord Skal ikkje meie til atslit
mennerepublikken vi er vel alle litt sluttig for måltid
nynorsk_Fjord Illmennerepublikk sjálvsagt
13. april 2022 · Se oversettsle

Norsk skule blir meir og meir **digitalisert**.

– Kvar er kvalitetssikringa, spør lærar og tillitsvald i Utdanningsforbundet.

Krev å bli høyrd

– **POLITIKARANE TRUR** at alt er på plass om dei kjøper eit nettbrett. Den digitale tilgjengelegheta er blitt ei sovepute for kommunane, og det går utover elevane.

Siri Denstad Langlo fyrer laus frå andre enden av telefonrøyret. Ho er lærar og fylkesstyremedlem i Utdanningsforbundet i Trøndelag. Ho har arbeidd både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring, og har sjølv barn som går i 5. klasse.

Då landet stengde ned 12. mars 2020, vart skulen brått heildigital. Ei «sjokkdigitalisering», kallar leiaren for Forleggerforeningen det. Digitaliseringa dei siste åra er ei omlegging som skjer «nærmet i det skjulte», ifølgje Utdanningsforbundet.

– No bør vi ta eit steg tilbake og anerkjenne at det er profesjonsfellesskapet med lærarar og leiarar som skal spele ei sentral rolle i å velje læremiddel, meiner Langlo.

Råka ekstra hardt

Samanlikna med andre land var Noreg forholdsvis godt rusta for digital heimeundervisning, ifølgje Utdanningsspegele 2021. Utdanningsspegele er Utdanningsdirektoratets årlege oppsummering av statistikk og forsking om barnehage og grunnopplæring i Noreg. 2021-utgåva ser særleg på digitaliseringa av skulen.

Trass i eit godt utgangspunkt, vart det tydeleg under pandemien at digitalisering er sårbart. Kompetansen blant lærarar og elevar kan variere stort, og dei teknologiske løysingane i skulen er ikkje alltid gode nok. Her blir nynorskelevar råka ekstra hardt.

Eit av dei største trugsmåla mot nynorskelevar i dag, er mange-

len på digitale læremiddel, fysiske læremiddel, læringsplattformer og læringsverktøy på nynorsk. Det skreiv Noregs Mållag i sitt høyrsvar til den nye opplæringslova rett før jul i fjor.

Ulv Pedersen, leiar i Forleggerforeningen, utelukkar ikkje at tilbodet til nynorskelevarane, totalt sett, under pandemien har blitt dårlegare. Det heng mellom anna saman med at fleire læringsressursar ikkje finst på nynorsk. Desse ressursane er ikkje omfatta av parallelitetskravet – kravet om at læremiddel som vert nytta i undervisning, skal ligge føre på nynorsk og bokmål til lik tid og pris.

I framlegget til ny opplæringslov ynskjer regjeringa å vidareføre

dette, slik at det ikkje blir stilt språkkrav til læringsressursar.

Sjokkdigitalisering

I ei undersøking frå 2021 oppgir 87 prosent av skuleleiara i Noreg at dei i nokon eller stor grad prioriterte digitale læringsressursar framfor tradisjonelle lærebøker. I 2020 var omsetjinga av digitale læremiddel nesten like høg som omsetjinga av papirbaserte læremiddel. Ifølgje Utdanningsspegele 2021 kan det verke som papirbaserte skuletekstar blir lite brukte i klasserom der alle har ein ipad eller ei datamaskin å arbeide på.

Ifølgje Forleggerforeningen har læremiddelsituasjonen i skulen blitt merkbart dårlegare dei siste åra. Det skreiv dei i sitt høyringssvar til den nye opplæringslova.

– Omsetninga av læremiddel har gått ned. Det har ført til at mange skular har brukt pengar på digitalisering. Vi har sett ei kraftig digitalisering, spesielt i grunnskulen, seier leiar Ulv Pedersen.

Det har mykje med pandemien og heimeskule å gjøre, trur han. Våren 2020 opna dei opp alle læremiddel og sleppte dei ut i skulen, slik at lærarar og elevar kunne bruke dei fritt.

– Denne sjokkdigitaliseringa gjorde at mykje uferdige verktøy vart brukte i skulen. Verktøya skulle blitt jobba meir med før det vart sleppt ut på denne måten. Men det var for å møte sal og etterspurnad, seier han.

No er det på tide å ta eit steg tilbake og verte klokare på korleis ein skal få til god undervisning, meiner Pedersen.

– Skulen kan ikkje vere heildigital. Vi treng undervisning som

No bør vi ta eit steg tilbake og anerkjenne at det er profesjonsfellesskapet med lærarar og leiarar som skal spele ei sentral rolle i å velje læremiddel.

Siri Denstad Langlo



SJØLVGJORT: – Vi har fått eit digitalt kompetanseloft i skulen som vi har ordna og stått for sjølve, seier lærar og fylkesstyremedlem i Utdanningsforbundet i Trøndelag, Siri Denstad Langlo.

Foto: Thor Nielsen

er ei blanding av det analoge og det digitale.

Ryk frå kopimaskina

Forleggerforeningen skulle ynskje at fleire læremiddel vart kjøpte av kommunane. I dag blir meir og meir kopiert, ifølgje Pedersen.



87 PROSENT: I ei undersøking frå 2021 oppgir 87 prosent av skuleleiarar i Noreg at dei i nokon eller stor grad priorittrer digitale læringsressursar framfor tradisjonelle lærebøker.

Illustrasjonsfoto: Dina Storvik



Det kan lærar Siri Denstad Langlo skrive under på. «Det ryker fra kopimaskinen i norsk skole», skreiv ho i eit lesarinnlegg saman med ein kollega i fjar haust. Det «klippes, limes, googles og kopieres over en lav sko», skreiv dei.

Grunnen er, ifølgje Langlo, at

mange lærebøker er utdaterte. Då dotter hennar, som går i 5. klasse, skulle få si første samfunnsvitenskapsbok nyleg, var den frå 2006.

— Lærebøker blir ikkje prioriterte. Når gamle lærebøker ikkje tek opp tema som utanforskning eller 22. juli, kan ikkje lærarane støtte seg på dei,

meiner ho.

Det kan vere ei veldig stereotyp framstilling av minoritetar i bøkene, og eit ukritisk syn på olje, fortel Langlo.

— Då må vi som lærarar stadig google for å finne ting andre standardar. Somme vegrar seg kanskje for



DÅRLEGARE TILBOD: Ulf Pedersen (til venstre), leiar i Forleggerforeningen, utelukkar ikkje at tilbodet til nynorsk-elevane, totalt sett, under pandemien har blitt dårlegare.

Foto: Gyldendal

å undervise om visse tema. Det er utfordrande å måtte lage si eiga lærebok, seier ho med eit sukk.

— Og så verkar vi som lærarar bakstreverske, lite oppdaterte og lite klimavennlege, fordi vi må sende elevane heim med ark på ark med kopiar.

Inga nasjonal styring

I Trøndelag har det vore få restriksjonar under koronapandemien, kan Langlo fortelje. Men våren 2020, då skulane stengde, var heftig. Ho og kollegaene måtte – som lærarar landet rundt – ta med seg jobben heim, og gjøre så godt dei kunne.

— Vi har jo fått eit digitalt kompetanseloft som vi har ordna og stått for sjølv.

Og forsking viser nettopp det – at lærarane i stor grad lærte å ta i bruk digitale verktøy og ressursar på eiga hand og av kvarandre under pan-



Foto: Kunnskapsdepartementet/Illia C. Hendel

Halvard Hølleland er statssekretær i Kunnskapsdepartementet.

demien. Det er også blitt tydeleg at den digitale kompetansen til lærarane kan variere stort. Mange melde om bratt læringskurve under pandemien, ifølgje Utdanningsspegele 2021, og 7 av 10 lærarar har eit stort eller eit visst behov for meir kunnskip om digital undervisning.

Digitaliseringa av grunnskulane i Noreg har i det store og heile skjedd i ulikt tempo, utan nasjonal styring.

– Det verkar tilfeldig kva læremiddel eller ressursar som blir brukte i dag, frå skule til skule og lærar til lærar. Stemmer det, slik du ser det?

– Når det gjeld digitale ferdigheter, kjem det an på læraren og kor komfortabel kvar enkelt er med å ta i bruk digitale verktøy, seier Langlo.

Politikarar bestemmer

Ifølgje Utdanningsspegele 2021 har flaglærarar tradisjonelt sett valt kva lærebøker skulen skal ha. Når det gjeld digitale læremiddel, er det i større grad skuleleiinga som avgjer.

– Det er politikarar, ikkje lærarar, som vedtek at vi skal vere ein digital kommune, og kvalitet i skulen blir målt etter tal på digitale verktøy, meiner Langlo.

– Lærarane bør bestemme kva læremiddel vi skal bruke, ikkje politikarane.

Ho meiner vi har ein offentleg fattigdom i Noreg om vi ikkje gir elevar tilgang til oppdaterte læremiddel.

– Skule-Noreg har spart mykje pengar på at lærarane har tatt det digitale løftet under pandemien på eiga hand. Men kvar er kvalitetssikringa, spør ho.

Økonomien avgjer?

Den digitale omlegginga i skulen skjer «nærmet i det skjulte», ifølgje ei sak frå Utdanningsforbundet frå november i fjor.

– Dette skjer trass i tilrådingar frå lærarane. Dei er ikkje negative til det digitale i seg sjølv, men ynskjer seg ein kombinasjon, uttalte leiar av Utdanningsforbundet, Steffen Handal.

Ifølgje han føler lærarane at dei

i liten grad blir tatt med på råd når det gjeld bruk av digitale læremiddel i skulen.

– Mange sit att med ei kjensle av at denne endringa skriv seg frå økonomiske prioriteringar, og at det ikkje blir tatt tilstrekkelege pedagogiske omsyn. Det blir nærmast ei fallitterklæring for den norske skulen, sa Handal.

Også Langlo meiner mange kommunar kjøper inn digitale læremiddel som erstatning for læreboka på grunn av manglande ressursar:

«Det er ikke et valg basert på pedagogikk og metodefrihet, men et spørsmål om økonomi og en overdreven tro på teknologi. Antallet iPader, chromebooks og smartboards på den enkelte skole, har nå blitt et mål for kvalitet», skrev ho og kollegaen i Adresseavisen i fjor haust.

Kvalitetskriterium

Utdanningsdirektoratet (Udir) har arbeidd med fleire tiltak som er relevante for læremiddel, ifølgje avdelingsleiar Øystein Nilsen. Han viser til «Strategi for digitalisering av grunnopplæringa» (2021–2021) og «Handlingsplan for digitalisering i grunnopplæringa».

– Føremålet har vore å få til ein heilskap i satsinga, samtidig som digitaliseringa har vore i stadig utvikling, skrev Nilsen i ein e-post til *Norsk Tidend*.

Eit viktig tiltak for å sikre at elevar og lærarar har gode læremiddel, har vore å utvikle kvalitetskrite-

rium for læremiddel, ifølgje Nilsen.

– I samarbeid med ei brei gruppe av interessentar for læremiddel har vi utvikla rettleiarar for faga engelsk, norsk og matematikk, og ein for alle fag. Desse skal støtte kommunane i å gjere gode vurderinger basert på lokale behov.

Skuleigarane har ansvar for å gjere innkjøp av alle læremiddel, også dei digitale. Dei rapporterer ikkje kva for spesifikke læremiddel dei nyttar til Udir, men i ei spørjeundersøking til Skule-Noreg hausten 2021, svarte så godt som alle skuleigarar at dei nyttar ein kombinasjon av trykte og digitale læremiddel.

Deler ut

Fra 2019 og fram til no har det vore mogleg for skuleigarar å søke om tilskot til innkjøp av digitale læremiddel.

– Det er delt ut til saman 229 millionar i denne ordninga for 2019–2021, og det blir delt ut ytterlegare 60 millionar i 2022, skrev Nilsen.

(Skuleigarane fekk òg eit særskilt tilskot på 145 millionar i 2020 og 2021 til innkjøp av digitalt utstyr og infrastruktur under koronapandemien, for å gjøre det mogleg å drive digital undervisning både på skulen og heime.)

Må lytte

Statssekretær i Kunnskapsdepartementet Halvard Hølleland vedgår at økonomi er ein faktor når det

gjeld val av læremiddel, men han understrekar at det er viktig at skuleigarane lyttar til råd frå lærarane. Val av læremiddel skal ikkje vere basert på økonomi åleine, skriv han til *Norsk Tidend*.

– Når læreplanane skal innførast i skulane, er det avgjerande at lærarfellesskapet i skulane vurderer det pedagogiske innhaldet i læremidla. Det er viktig at ein i fagfellesskapet på skulen gjer ei vurdering av læremidla opp mot læreplanane, skriv Hølleland.

Behov for rettleiing

Bruken av digitale læremiddel i skulen har auka gradvis dei siste 20 åra, ifølgje Hølleland, med eit tydeleg taktskifte rundt 2016. Så kom pandemien. Med stadig meir kompleksitet i læremidla, auka kommerialisering av elevane sine data, og meir omfattande regulering av personvernet til elevane, ser departementet eit tydeleg behov for rettleiing.

– Det tek vi på alvor. Samstundes er det viktig at rettleiinga gjer skulane i stand til å ta gode val, ikkje at rettleiinga tek vala for dei. Det er kommunane som eig skulen, som har ansvaret, skriv Hølleland.

Hjelpte kvarandre

– Siri Denstad Langlo meiner at lærarane stort sett har tatt det digitale løftet i skulen åleine under pandemien, og at Skule-Noreg har spart mykje pengar på dette. Kva tenker du om det?

– I den første perioden med heimeundervisninga var det nok mange, både lærarar og kommunar, som kjende seg åleine. Men lærarane hjelpte kvarandre og delte både gode råd og undervisningsopplegg, og ganske raskt laga Utdanningsdirektoratet ulike rettleiingar og kompetansepakkar som skulane kunne bruke. Eg trur ingen i Skule-Noreg har spart pengar under pandemien, skriv Hølleland.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

«Lite nytt» i framlegg til opplæringslov

Benedicte Frostad, seniorrådgjevar i Språkrådet, er skuffa over framlegget til ny opplæringslov:

- Det er ikkje tatt høgde for utviklinga ein er inne i, der det aller meste er digitalt.

584 HØYRINGSSVAR OM opplæringslova vart leverte før fristen gjekk ut rett før jul i fjor. Eitt av dei var frå Språkrådet, der dei mellom anna slår fast at den nye lova ikkje seier nokon ting om «infrastrukturen i den digitale skulekvarden til elevane».

I høyringssvaret kallar Språkrådet dette «problematisk», sidan infrastrukturen i stor grad påverkar innhaldet i opplæringa.

Lite nytt

Seniorrådgjevar i Språkrådet, Benedicte Frostad, meiner Kunnskapsdepartementet legg fram lite nytt i framlegget til ny opplæringslov.

– Det er skuffande. Det er ikkje tatt høgde for utviklinga ein er inne i, der det aller meste er digitalt, meiner ho.

Ifølgje lovframlegget som ligg føre, er det især to kriterium som må innfriast om noko skal kallast eit læremiddel: det må vere utvikla til bruk i opplæringa, og det må brukast regelmessig.

Ikke tilrettelagt for nynorsk

Men mykje av det som er i bruk i skulen i dag, er ikkje omfatta av denne definisjonen, ifølgje Frostad. Det gjer at mange av dei digitale verktøya og løysingane som er i bruk i skulen kvar dag, ikkje er omfatta av reglar og kvalitetskrav som gjeld for læremiddel.

– Dei fleste læremiddel kjem i ein pakke eller ei plattform. Og sjølv om desse plattformene får støtte frå Utdanningsdirektoratet, så er ikkje nødvendigvis alle delane definerte som læremiddel, forklarar ho.

Ei slik plattform kan ha det som ville tilsvart innhaldet i ei bok, men dei har gjerne også andre funksjoner. Det kan vere skriftfelt der ein svarar på oppgåver, rettskrivings- og søkefunksjonar og ei rekje andre ting.

– Det er småsnadder som dette som gjer at desse sel betre. For dei er nyttige, seier Frostad.

– Men dette småteriet blir ikkje



FRITT FRAM: – Det er opp til skuleigarane kva dei ynskjer å bruke. Når det gjeld læringsressursar, er det ingen kontroll på kva som er på nynorsk eller bokmål, seier Språkrådets Benedicte Frostad.

Foto: Privat

definert som læremiddel, og dei er så og seie aldri tilrettelagde for nynorsk.

Fritt fram

Ofta kjem ikkje dei digitale læremiddla i tide, eller dei kjem i ufullstendig versjon, fortel Frostad. Den nynorske versjonen kan vere ei dårlig omsetjing av bokmålsversjonen, og somme gongar dukkar han ikkje opp, sjølv om han er bestilt.

I tillegg har ein fleire digitale ressursar som ikkje tilhører bestemte plattformer.

– Det kan vere ulike spel, eller ressursar som Wikipedia. Det er fritt fram, og det er opp til skuleigarane kva dei ynskjer å bruke. Når det gjeld desse ressursane, er det ingen kontroll på kva som er på nynorsk eller bokmål, seier ho.

Det finst inga nasjonal førehandsgodkjenning av læremiddel i dag. Utdanningsdirektoratet tek stikkprøver, men i praksis skjer det lite om forlaga ikkje leverer.

– Og det er ikkje garantert at skulane kjem til å bruke læremiddel som er utgitt av forlag i Noreg heller, for ein kan i praksis bruke det ein vil, seier Frostad.

Kan ikkje søke på nynorsk

Fleire program som blir brukte i skulen, har ikkje nynorsk stavekontroll. Dermed kan nynorskelevar få raude strekar under ord dei skriv heilt rett.

– Google-dokument har hatt nynorsk stavekontroll lenge. Kvifor er det då vanskeleg for Google å ha stavekontroll i appane eller plattformene som blir brukte i skulen?

– Det må forlaga svare på. Det er ikkje vanskeleg å få til, meiner ho.

Men når det gjeld språk teknologi, blir det meir komplisert, ifølgje Frostad. Ho arbeider sjølv innan feltet.

– Der det er søkefunksjonar, til dømes, kan det vere nokså vanskeleg å gjere dette tilgjengeleg på nynorsk.

Læremiddel kan kome i parallelle utgåver som elevane har tilgang til gjennom dei ulike plattformene. Om du er bokmåselev, kan du nytte søkefunksjonen for å finne fram.

– Men som nynorskelev kan du ikkje søke på ditt mål, og du får ikkje brukt ressursen på same måte. Dermed blir verdien av læremiddelet forskjellig, alt etter kva hovudmål du har, seier Frostad.

– Det burde vere slik at dei funksjonane dei ikkje kan dekkje på begge skriftspråk, ikkje burde inkludert i læremiddelet, meiner ho.

Foreldre er brekkstong

Siri Denstad Langlo, lærar og fylkestyremedlem i Utdanningsforbundet i Trøndelag, skrev ein kronikk i fjor haust saman med ein kollega. Dei skildra ein offentleg skule med «en overdreven tro på teknologi», der talet på ipadar, chromebooks og smartboards på kvar skule «har nå blitt et mål for kvalitet».

Frostad kjenner seg att i det.

– Samtidig er det enkelt å argumentere for at ungane er kjempekompetente, for dei klarar dette kjempefint. Men det er vanskeleg å diskutere detaljane rundt det, det er noko dei færreste vil setje i gang. Ein vil jo gjerne gi inntrykk av at ein ser framover.

Foreldra blir brekkstonga, trur Frostad. Når dei reagerer, kan ting skje.

– Men dette er ein ny kvardag for dei også. Dei er ikkje blitt underviste på same måte sjølv, påpeikar ho.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Nynorskelevar får ikkje den digitale skulekvarden på nynorsk som dei har krav på. Rektorane håpar på hjelp frå staten.

– Hamnar mellom borken og veden

100 REKTORAR PÅ grunnskulalar med nynorsk opplæringsmål ønskjer at den nye opplæringslova skal ha krav om at skriveprogram og kontorstøtteprogram skal vera på nynorsk.

Det viser ei undersøking som Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) har gjennomført i samarbeid med Pirion og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. 110 rektorar har svart på undersøkinga.

Raudre strekar under nynorsken I fjor skrev 108 ordførarar under på eit opprop med krav om å få nynorskversjon av skriveprogramma til Google. Dette kravet er enno ikkje innfridd.

Ifolge undersøkinga svarar nær 30 prosent av rektorane at elevane bruker skriveprogram som Google Dokumenter og Pages frå Apple. Ingen av desse har godkjent nynorsk ordliste.

– Det er svært alvorleg når nynorskelevar ikkje får dei digitale hjelpe middla dei treng. Slik det i dag fungerer, så kan enkelte digitale hjelpe middla vera meir til skade enn hjelpe for elevar som skal læra nynorsk i skulen, seier Svein Olav B. Langåker, dagleg leiar i LNK.

Mellom borken og veden

Under 25 prosent av rektorane svarar at det mest brukte digitale lærermiddelet deira fungerer like godt på nynorsk som bokmål. Skulane opplever det som vanskeleg å setja krav til fullgode versjonar på nynorsk. Då sit dei igjen med eit mykje min-

dre utval. Ein av rektorane skildrar situasjonen slik:

– Som skule kan ein fort hamna mellom borken og veden i fag der ein ikkje har böker, men berre driv digitalt. Då «må» ein gjerne godta at lærermiddelet enno ikkje er fullgoda på nynorsk. Det er typisk for forlaga å prioritera bokmålsversjonane.

Treng at nokon tar ansvar

Det er store forskjellar mellom korleis rektorane opplever dei ulike forlaga, men felles er at berre eit mindretal er nøgde med dei nynorske versjonane. Fleire rektorar er misnøgde med at dei får tilsendt

vurderingseksemplar på bokmål. Det gjer det vanskelegare å vurdera nynorsk.

– Fleire av rektorane seier at dei bruker tid på å påpeika nynorskfeil og koma med rettingar til forlaga. Slik kan det ikkje vera, seier Lang-åker.

95 prosent av rektorane seier det vil vera til hjelp om nokon fekk ansvar for å passa på at dei digitale lærermidla har fullgode versjonar på nynorsk.

Berre 22 prosent av skulane seier det stemmer heilt at dei har gode rutinar som blir følgde opp for å sjekka om elevmaskinene og lærermidla har dei rette språkinnstillingane.

– Me er nok ikkje flinke nok til å sjekka innstillingar. Det er ei grense for kor mykje ein lærar har kapasitet til å halda styr på, skriv ein av rektorane.

Arlind Torvund Olsen ved Nynorskcenteret meiner det må på plass gode sentrale løysingar som kan gjera det enklare for lærarane å ha kontroll.


– Det beste er om språkvalet følger eleven og Feide-brukaren gjennom alle lærermiddel, hjelpe middel,

Slik det i dag fungerer, så kan enkelte digitale hjelpe middel vera meir til skade enn hjelpe for elevar som skal læra nynorsk i skulen.

Svein Olav B. Langåker

SET KRAV: Rektor ved Rommetveit skule Britt Kristin Ladehaug ønskjer strengare nynorskkrav til digitale lærermiddel og hjelpe middel i opplæringslova. – I dag er det mykje meir arbeidskrevjande for både lærarar og leiarar på nynorske skular, seier ho.

Foto: LNK





DIGITAL SKULE: Liva Sagvaag Tofte (12) og Ane Vik Framnes (12) (t.h.) går i 7. klasse på Rommetveit skule på Stord. – Me bruker pc-en på skulen kvar dag, seier dei.

Foto: LNK



ALVORLEG: – Det svært alvorleg at nynorskelevane ikkje får dei digitale hjelpe midla dei treng, seier Svein Olav B. Langåker, dagleg leiar i LNK. Foto: LNK



VIL HA SENTRALE LØYSINGAR: Arild Torvund Olsen er høgskulelektor ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Foto: Nynorskcenteret

skriveprogram og maskinvare. Først då er ein sikker på at nynorskelevane får den digitale skulekvardagen dei har krav på, seier Olsen.

Klare krav til ny opplæringslov
I løpet av året er det venta at regjeringa skal leggja fram ei ny opplæringslov. Før jul leverte ei samla nynorskkrørsle, ei rekke nynorsk-

kommunar og skular klare krav til lova.

– Ei ny opplæringslov må vera klokkekla i kravet til lærermiddel og læringsverktøyprodusentane. Skal dei få innpass i skulen, må dei levera produkt på både nynorsk og bokmål, heiter det i ei fråsegn frå landstinget til LNK i haust.

LNK.no

Medieutdanninga i Volda

Medielina i Volda har forsynt aviser og kringkasting med journalistar i 50 år.

– Det var langt frå sjølvsgatt at vi skulle bli den største praktiske medieutdanninga i landet, seier rektor ved Høgskulen i Volda, Johann Roppen.

PÅ MANGE MÅTAR har utviklinga vore «mot alle vindar». Det var tittelen på ein populær australsk TV-serie vist på NRK på 1980-talet, den tida då NRK enno hadde monopol. Det var no avdøde Bjarte Alme som lante denne tittelen då han skreiv historia om dei første 25 åra til medielina i Volda i 1996. Alme underviste her i mange år.

Det var mykje motvind i etableringsfasen, men med dyktige folk ved høgskulen og flinke hjelparar utanfor, så har det vorte ei suksesshistorie.

Ein rundtur i Sivert Aarflot-bygget vart innvigd i fjor haust, nøyaktig 50 år etter at det første kullet mediestudenter tok i bruk dei provisoriske lokalane som skulle bli Distrikthøgskulen i Volda. Feiringa i fjor vart utsett på grunn av koronapandemien, og først etter påske blir det jubileumsfest og jubileumsseminar. Då skal den 50 år lange historia til medieutdanninga i Volda markerast grundig.

Lokalaviser og distriktskontor

Rektor Johann Roppen fortel til NPK at det i starten var tenkt å utdanne journalistar til nynorske lokalaviser og til distriktskontora til NRK. Det var ingen som då tenkte på at studentane frå Volda skulle fylle opp redaksjonslokala i hovudstaden også. Men det vart tidleg klart at dei uteksaminerte frå Volda var ettertrakta over heile landet, også i dei store mediehusa.

Den ferske leiaren for medieutdanninga i Volda, dekan Kate Kartveit, opplyser at alle studentane på dei fem programma som utgjer studietilbodet for media og kommunikasjon, til kvar tid rundt 500 personar, alle hadde Volda som førsteval då dei sökte om utdanningsstad gjennom det sentrale opptaket. Så det er ingen som hamnar her utan at det er det dei vil.

Dei fem programma til medielina er journalistikk, PR og kommunika-

sjon, medieproduksjon, animasjon i tillegg til eit internasjonalt masterprogram. Det starta som ei toårig yrkesutdanning, men er no eit bachelor-studium over tre år.

Mangeårig leiar for medielina i Volda, no pensjonist Ketil Jarl Halse, fortel at lina ein periode var så populær at det var like vanskeleg å kome inn som på legestudiet. Etter det har tala på søknader gått litt ned, men det er framleis svært interessant for unge journalistspirear å sökje seg til Volda.

Ein rundtur i Sivert Aarflot-bygget, der lina for media og kommunikasjon held til, viser oss eit topp moderne og funksjonelt bygg med store glasfasadar i alle retningar. Her har både studentar og lærarar store lyse lokale å boltre seg i, og det tekniske utstyret er topp moderne, det same utstyret ein finn i dei store mediehusa rundt om i landet.

Volda-modellen

Kate Kartveit fortel om det dei kallar for Volda-modellen i undervisninga, erfaringsbasert læring.

– Vi har meir praksis enn dei andre medieutdanningane. I tillegg til den eksterne praksisen ute i aviser og kringkasting har studentane også utstrekkt intern praksis. Her lagar studentane radio, TV og avisjournalistikk som går rett ut til lokalsamfunnet gjennom Nær-TV, Nærradioen og Næravisa. Dermed får dei brynt seg på eksterne brukarar også i den interne praksisen, seier ho.

Ketil Jarl Halse legg til at dei heile tida har arbeidd så realistisk som mogleg opp mot korleis dei jobbar i mediehusa, med deadline og faste publiseringss- og sendingstidspunkt.

I andre etasje i Sivert Aarflot-bygget er studentane i gang med praksis. Her ligg radiostudioa og redaksjonslokale vegg i vegg, og det yrer av liv her. Studentane skriv nettsaker, andre lagar radiosnuttar



PÅ RADIO: Andreårsstudentar i gang med radiosending. Frå venstre Julie Garmo frå Lom, Celina Myklebust Magnussen frå Volda og Sara Nå Aga frå Hardanger.

Foto: Bent Tandstad / NPK

og andre igjen lagar fjernsyn. Tonen mellom dei er lett og humoristisk, og vi synest å ane det vi har hørt om av mange tidlegare studentar.

– Det gode miljøet, saman med at skulen har så godt ord på seg, var den viktigaste grunnen til at eg søkte meg hit. Eg er frå Volda og hadde lyst til å flytte ut, men fann ut at det var berre tull å reise bort når det beste tilbodet var her. Og eg har ikkje angra eit sekund, seier andreårsstudent Celina Myklebust Magnussen.

Nynorsken viktig

Og det er sjølvsgatt viktig for henne at det meste går føre seg på nynorsk her.

– Det var ei viktig årsak til å velje Volda for meg også. Eg har tidlegare studert i Oslo, og der var alt på bokmål. Det er mykje betre for meg at mykje av undervisinga går føre seg på eit språk som ligg tett opp til hovudmålet mitt, skyt Julie Garmo frå Lom inn. Språket saman med det gode ryktet Volda har, legg ho til.

Sara Nå Aga frå Hardanger er samd

med dei to studievenninnene. Ho likar også best å bruke nynorsk, men ser også fordelen med å kunne nytte både nynorsk og bokmål. Ho har jobba i Hardanger Folkeblad i Odda, ei avis som nyttar begge målformene.

Alle tre har opplevd at mange ikkje likar nynorsk, at det ikkje er eit kult språk, men det bryr ikkje desse jentene seg om.

– Det at nokon meiner at nynorsk ikkje er kult, det gjer det berre endå kulare, seier Celina.

Hild Nordal er tidlegare journalist og underviser i faget på høgskulen. Ho rosar studentane sine for å vere både dyktige og arbeidsame. Ho er også svært nøgd med det nye undervisningsbygget for medielina og med miljøet her.

Det gode studentmiljøet

Det gode studentmiljøet er ikkje ein myte, seier Ketil Jarl Halse. Han trur det blant anna har samanheng med at studentane her heile tida har brukt skulen mykje, også på kveldstid.

– Vi har heile tida hatt opne

Det at nokon meiner at nynorsk ikkje er kult, det gjer det berre endå kulare.

Celina Myklebust Magnussen,
journalistikkstudent ved Høgskulen i Volda

a 50 år – mot alle vindar



NYTT HUS: Sivert Aarflot-huset, som husar medieutdanninga i Volda, vart innvigd hausten 2021, 50 år etter at medieutdanninga i Volda kom i gang.

Foto: Karl August Swanstrøm / Høgskulen i Volda.

dører. Andre studiestader opplever ofte at studentane forsvinn ut dørene klokka 16, men her hos oss har det vore liv og røre på skulen også i fridita. Studentane har hatt tilgang på det tekniske utstyret, og det gjorde

at dei arbeidde både kvelds- og nattestid. Det var trass alt ikkje så mykje anna å finne på i Volda på kveldstid, så det var også med på å byggje det gode miljøet, seier han.

Historia til medieutdanninga i



LÆRAR: Hild Nordal var journalist i Sunnmørsposten før ho vart lærar i journalistikk ved Høgskulen i Volda.

Foto: Bent Tandstad / NPK

Volda er mangfaldig. Heilt i starten vart Ketil Jarl Halse henta inn som førelesar medan han var hovudfagsstudent i Bergen. Han reiste tilbake til Bergen for å fullføre hovedfaget. Deretter var han tilsett nokre år ved Universitetet i Bergen, før han jobba eitt og eit halvt år som journalist i NRK Møre og Romsdal.

I 1980 kom han tilbake til medieutdanninga i Volda, og sidan var han knytt til høgskulen heilt til han vart pensjonist for eit par år sidan.

– Det var eit lite sjokk for meg å kome tilbake i 1980. Medan ting hadde roa seg på Universitetet i Bergen, var det framleis studentstyring og opprør i Volda. Det var allmøtet som avgjorde både pensum og eksamsformer. Det var lite individuell prøving, gruppeeksamen med seks studentar i kvar gruppe. Vi lærarane hadde seks røyster og studentane 80, så vi vart stadig nedstemde, fortel Halse.

Men den politiske aktivismen gjekk fort over, og utdanninga kom snart inn i fastare og meir normale former.

Yngst i klassa

Fleire tusen studentar er uteksaminerte frå medielina i Volda gjennom dei 50 åra lina har eksistert. Ei av dei mest profilerte er Ingvild Bryn frå Voss, som no er programleiar i Dagsrevyen. Tidlegare har ho blant anna vore USA-korrespondent og programleiar for den internasjonale finalen i Eurovision Song Contest.

– Eg var den yngste i klassa då eg byrja i 1982. Medieutdanninga i Volda hadde ei høg stjerne, og eg opplevde at det var gode lærarkrefter, topp utstyr og eit fint bygg. Som vossing likte eg meg i Volda frå første stund. Studentane vart godt varetekne, og eg vart også kjent med ein del av dei lokale, seier ho.

Praksisplass i NRK Hordaland gjorde at ho fekk ein fot innanfor NRK, og det vart jobb der rett etter at ho var ferdig med studia. Så gjekk det ikkje lenge før ho byrja i Dags-

nytt i Oslo, og sidan har det vorte varierte og utfordrande oppgåver for henne i NRK-systemet.

Ingvild Bryn fortel at systera hennar Herborg Bryn gjekk året over henne på medielina, og at dei to delte ein dublett på studentheimen Porse då ho gjekk første året. Det var svært triveleg, minnest ho.

Rakk ikkje å bli ferdig

Humoristen og programlearen Erik Solbakken frå Hemsedal, som har jobba både for NRK og TV 2, har også bakgrunn frå medieutdanninga i Volda. Han var der i skuleåret 2004–2005, men han rakk ikkje å gjere seg ferdig.

– Det var ein sommarjobb i NRK som ikkje tok slutt. Men eg har gjort det klart at eg skal tilbake til Volda for å fullføre utdanninga når eg har fylt 50. Året i Volda er det beste i livet mitt. Det var ein svært god skule og ein endå betre møteplass. Eg fekk mange gode venner der, seier hemsedølen til NPK.

Silje Sande frå Stord, kjend som programleiar for Dagsnytt og Nyheitsmorgen på NRK radio, fekk også den journalistiske utdanninga si i Volda. Ho kallar dei to åra i Volda for magiske.

– Kombinasjonen av teori og mykje praksis gjorde oss trygge på å kome ut i arbeidslivet etterpå. Mange gonger blei vi verande på skulen og i studio til langt på kveld, fordi det var så kjekt. Den sterke kjensla av fellesskap på journaliststudiet i Volda har eg ikkje opplevd på nokon annan studiestad, seier ho til NPK.

Av andre profilerte mediemenneske som har gått ut journalistutdanninga i Volda, kan nemnast utanriksjournalist og tidlegare Moskva-korrespondent Morten Jentoft og kommentator i Dagens Næringsliv, Kjetil Wiedswang. Odd Reidar Solem, kjend både frå NRK og TV 2, var student i det første kullet, som starta i 1971.

BENT TANDSTAD
NPK

Nye leseopplevelingar frå Samlaget



«...ved å lese *Innanfor margane* blir [jeg] overbevist om hvorfor Ferrante får til noe jeg ikke har sett hos mange samtidige forfattere.»

Tom Egil Hverven, *Klassekampen*



Kan ein fri seg frå eit familiatraume ved å fortelje ein gong til?

«...en helstøpt roman.»

Stein Roll, *Adresseavisen*



«...noe av det morsomste og mest overskuddspregede jeg har lest fra en norsk forfatter på en stund.»

Kenneth Moe, *Aftenposten*



«*Kom ei jente gåande* er med sine enkle setningar, den eine sirleg lagt til den førre, ein diskret, dvelande og saktegåande roman, både vakker og nifs.»

Jan Askelund, *Stavanger Aftenblad*



«Maren Uthaug er en mester i å balansere grove, kroppslige beskrivelser mot vare skildringer av vennskap og lojalitet.»

Inger Bentzrud, *Dagbladet*



Nervepirrande skreddrama i vill norsk natur. Historia om ein fars desperate leiting etter dottera, frivillige heltar og dyktige hundar.



«Vulkanen vaknar er byrikinga på ein ny serie med ei verd øydelagd av klimaendringar som kulisse. Det blir både spennande og tankevekkjande.»

Magnus Rotevatn, *Framtida*



Siste bok om radarparet Jakob og Neikob!

«...suveren barnelitteratur.»

Anne Cathrine Straume, *NRK*



Forteljinga om vesle Foxi, sledehunden ingen ville ha – som viste seg å vere den tøffaste av dei alle.

Samlaget.no

samlaget



LEIARSKIFTE OG MEDLEMSVEKST I GLOPPEN MÅLLAG: Frå venstre Leidulf Gloppestad, ordførar i Gloppen kommune, Synnøve Marie Sætre, nestleiar i Noregs Mållag, og Inger Marie Sande, leiar i Gloppen Mållag.

Foto: Hege Lothe

NY LEIAR I GLOPPEN MÅLLAG: Inger Marie Sande har gått på som ny leiari i Gloppen Mållag. Laget har ikkje hatt mykje aktivitet siste åra, men opplever som veldig mange andre lag ein god medlemsvekst. Årsmøtet vart eit uvanleg godt besøkt årsmøte på biblioteket der Synnøve Marie Sætre, nestleiar i Noregs Mållag, var hovudtrekkplasteret.



MÅLPRIS TIL VISIT HARDANGERFJORD: Hordaland Mållag har gjeve målpris til Visit Hardangerfjord. Det er eit destinasjonsselskap for Hardanger-regionen, og dei brukar nynorsk i marknadsføringa si. Det var dagleg leiari **Sjur Vågen** (biletet) som tok i mot prisen.

Foto: Hege Lothe

NY LEIAR I SOGN OG FJORDANE MÅLLAG: Jorunn S. Thingnes har gått på som ny leiari i Sogn og Fjordane Mållag.

NY LEIAR I SOLA: Sola Mållag har fått ny leiari. Den nye leiaren heiter **Irmelin Sangolt Tjelflaat**.

NY LEIING I SELJORD: Seljord Mållag har skifta kontaktperson. Ingrid Wangensteen har vore kontaktperson i mange år, og no har **Sigrun Aakre Karlsson** overteke.

NY KVINNE PÅ VOSS: Voss Mållag har skifta leiari. Eirik Helleve har gjeve frå seg stafettinnen til **Nina Mork Brunvoll** som er ny leiari i Voss Mållag.

DALEKTPRÅBEID I ØSTERDALEN: Etter årsmøtet i Nord-Østerdalen dialekt og mållag har laget, etter inspirasjon frå *Hallingdølen*, oppmoda lokalavis *Arbeidets rett* om å trykke fleire tekstar på dialekt.

GUNNHILD NY LEIAR I TROMSØ: Gunnhild Skjold har flytta heim att til Tromsø etter at ho gjekk av som leiari i Norsk Målungsdom. Ho har no gått på som leiari i Tromsø Mållag.

NY LEIAR PÅ SOTRA: Sotra Mållag har fått ny leiari. Han heiter **Yngve Endal**.

DALEKTPRÅBEID TIL LARS OS: Austmannalaget har gjeve dialektprisen 2021 til NRK-journalist **Lars Os**. I påska var det stor stas og flott utdeling av prisen på Os samfunnshus i Østerdalen der Nord-Østerdal dialekt- og mållag var vertskap. Det vart fullt hus med over hundre som ville vere med på å feire og gje heider til Lars Os. At det var populært, var det ikkje tvil om. Då Helen Johannessen, leiari i Austmannalaget, skulle dele ut prisen, vart ho avbroten av at heile salen reiste seg og gav ståande trampeklapp til prisvinnaren.



Vinner Oscar Lie (t.v.) saman med Svein Slettan og Sylfest Lomheim frå juryen.

Foto: Mållaget i Kristiansand

NY LEIAR I KARMSUND: Solgunn Liestøl har gått av som leiari i Karmsund Mållag og **Åslaug Farestveit** er ny leiari.



Ane Landøy Foto: Hege Lothe

TWITTER-KONKURRANSE:

I vinter skipa Mållaget i Kristiansand til ein Twitter-konkurranse. Vinnaren vart **Oscar Lie** som er elev på Vennesla vgs. Nummer to og tre i konkurransen vart **Leah Korsmo** og **Celina Berentsen**, begge to er elevar på Tangen vgs.

MONE CELIN SKREDE
Styrelseiar i Kringkastingsringen



Kulturministeren må hjelpe TV 2

TRADISJONELT HAR STORSAMFUNNET

hatt kontroll over medieinnhaldet i Noreg. Gjennom retningsliner, reglar og økonomiske tiltak har ein forma ein mediekvardag som skil seg frå den i andre land. Det gjeld kva aviser ein ynskjer å løfte fram, kva filmar som blir synt på kino, kor mykje reklame som er lov å sende i radio og kor mykje nynorsk det bør vere i sendingane frå NRK.

NO ER DETTE i ferd med å endre seg fundamentalt. Folk kan i større grad velje kva dei vil sjå og høre sjølv, og samtalene rundt lunsjbordet handlar ikkje om lineær-TV-programma alle har til felles lenger. Tilbodet er enormt og tilgangen enkel. Distribusjonen har blitt internasjonal og distributørene treng knappast be om løyve til noko som helst. Dei fleste verktøya ein tildegar gjorde seg nytte av, har no mista kraft. Det blir lasta opp 500 timer med nytt innhald på YouTube kvart einaste minutt. 60.000 nye songar på Spotify kvar einaste dag. Lukke til med å konkurrere med det.

I UTGANGSPUNKDET ER dette dårleg nytt for oss som vil ha mest mogleg nynorsk, dialekt og samisk i media. Det er alt fare for å gå seg vill i jungelen av podkastar, strøymetenester og nettplattformer. Men så syner det seg at framtidia moglegvis ikkje ser så svart ut likevel. For brått byrja VG med TV-sendingar fulle av dialekt. Tradisjonelle bokmålsaviser har opna for litt meir nynorsk. Funkygine og Sophie Elise gjer karrierar i sosiale medium på sine lokale talemål. Norskspråkleg musikk har ikkje vore så populært som no på mange tiår. Sjølv med opne sluser for engelskspråkleg innhald lever norsk i beste velgående.

SÅ KORLEIS SKAL ein då leggje opp arbeidet vidare? For det første må ein ikkje gløyme at mange framleis ser på NRK. Og norske aviser kjem framleis ut med rimeleg store opplag. Dei tradisjonelle verkemidla har framleis ein viktig funksjon. Vidare må styresmaktene stille krav til tv-distributørar og semi-redaksjonelle plattformer. Facebook bør t.d. betale skatt for verksemda dei har i Noreg. Men framover vil det bli viktig å løfte fram alt det norskspråklege innhaldet som blir produsert utan noko som helst krav.

FRAMSNAKK, STIMULERING OG skryt er viktigare enn nokon gong.

Tone E. Solheim fekk Nynorsk barne-litteraturpris 2021 for ungdomsromanen *Svartrasta syng om natta*.

Eg håper ungdomen sit att med at nynorsken ikkje treng å vere gamaldags og vanskeleg.


Tone E. Solheim



EKSTRA STAS – Det kjennest fint bli verdsett som ein nynorskskrivande forfattar, seier Tone E. Solheim.

Foto: Kristianne Marøy

Fekk pris for debutroman



– DETTE ER SURREALISTISK.

Eg var ganske sikker på at det var ein aprilspøk då dei ringde og sa prisen skulle delast ut 1. april, seier prisvinnaren etter utdelinga.

– Det gjekk ikkje heilt opp for meg før eg kom hit i dag. Det er veldig rart og utrøeg fint.

Det er Noregs Mållag som deler ut Nynorsk barnelitteraturpris, og den er på 50 000 kroner. Prisen vart delt ut under landsmøtet til Noregs Mållag på Gardermoen.

Verdsett for språket

For Solheim er det ekstra stas å vinne ein nynorsk pris.

– Det er jo mitt språk. Det er veldig personleg, det er ein del av min identitet. Det kjennest fint å bli sett på denne

måten, og å bli verdsett for det.

Personleg er Solheim veldig glad i ungdomsbøker.

– Dei får ofte ei emosjonal djupn som ikkje er like lett tilgjengeleg i bøker retta mot andre, for der er det ofte andre ting i fokus. Ein kjem djupt både som lesar og skrivar, meiner ho.

– Har du fått tilbakemeldingar frå ungdomar som har lese boka di?

– Ja, nokre. Det var ei på 12 år som likte den så godt at ho hadde kjøpt den til venene i bursdagsgåve. Det er veldig kjekt å høre.

Solheim er også nominert til U-prisen, ungdomens eiga kåring av årets beste ungdomsbok. Prisen vert delt ut i sommar.

– Berre det å vere nominert til den er fantastisk, seier Solheim.

Skriv heile tida

– Kva håper du ungdomane sit att med etter å ha lese boka?

– At dei kjenner seg sett. At dei kjenner att litt av seg sjølv i karakterane og kjenner seg litt mindre åleine. Og at dei opplever at nynorsken ikkje treng å vere gamaldags og vanskeleg, men så allsidig som den faktisk er.

Solheim håper det blir fleire bøker, men har ingen konkrete planar.

– Skrive gjer eg uansett heile tida, så får vi sjå kva det blir til.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Forfattar og musikar **Stein Torleif Bjella** fekk Nynorsk litteraturpris for romanen *Fiskehuset* under landsmøtet til Noregs Mållag.



MUSIKAR OG FORFATTAR: – Eg er glad for å ha skrive boka. No veit eg at det er noko eg kan gjere, seier Stein Torleif Bjella.

Foto: Kristianne Marøy

Det er alltid skum-melt å sjå kva mottaking ein får, uansett om det gjeld bøker eller musikk.

Stein Torleif Bjella

Bjella fekk Nynorsk litteraturpris

– **DET ER** utruleg stort, eg set det veldig høgt, sa prisvinna-ren etter utdelinga.

Stein Torleif Bjella fekk Nynorsk litteraturpris for debutromanen *Fiskehuset*, som kom ut på Oktober forlag i 2021. Det er Noregs Mållag, Samlaget og Det Norske Teatret som deler ut prisen, som er på 50 000 kroner.

Sjølve utdelinga hende under landsmøtet til Noregs Mållag, 1. april i år.

Nynorsk og hallingmål

«Fiskehuset handlar om det som ligg under overflata, i historia, i kunsten og mellom menneska. Fiskehuset er tvillaust ein god roman. Men når han peikar seg ut som vinnaren av Nynorsk litteraturpris for 2021, er det også

fordi han veks fram som ein klok roman», skreiv juryen i ei grundig og velformulert grunngjeving.

I takketalen sa prisvinna-ren at han skulle ramme inn grunngjevinga og henge den opp på kjøkkenet. Så kan han lese eit avsnitt høgt kvar gong nokon kritiserer måten han gjer husarbeid på.

– Du har jo skrive mange songar og dikt tidlegare. Korleis var det annleis å skrive ein roman?

– Arbeidsforma er veldig annleis. Det er konsentrasjonsarbeid. Eg må ha ro rundt meg, det er vanskeleg å jobbe veldig fragmentert, svarar Bjella.

I tillegg er det mange val å ta i ein roman, både når det gjeld språk og innhald.

– *Du skriv nynorsk og nyttar ein del dialekt i boka?*

– Ja, nynorsk ligg tett på hallingmålet, så det har alltid vore slik for meg. Hovudkarakterane snakkar hallingmål, han gamle på ein litt annan måte enn den yngre.

Ingen skriveplanar

Bjella har ingen konkrete planar om fleire romanar.

– Men eg er glad for å ha skrive boka. No veit eg at det er noko eg kan gjøre.

– *Var du redd for kva mot-taking boka skulle få, som romandebutant?*

– Det er alltid skummelt å sjå kva mottaking ein får, uansett om det gjeld bøker eller musikk, svarar prisvinnaren.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no



Kunnskapsminister **Tonje Brenna** besøkte Noregs Mållags landsmøte på Gardermoen fredag 1. april.

Håper språkengasjement vil auke

– DET AT det finst eit engasjement for språk, er enormt viktig, sa kunnskapsministeren frå talarstolen.

– Språk er viktig, nynorsk er viktig og Noregs Mållag er ein viktig organisasjon for heile landet. Språket vårt er under press generelt, og det er særleg vanskeleg å vere nynorskelev fleire stadar i landet.

Bevisstgjering

Brenna er oppteken av at norske elevar skal bli trygge språkbrukarar, som er bevisste på språkleg og kulturell identitet. På landsmøtet oppdaga ministeren at ho og den nyvalde leiaren i Norsk Målungdom, Tobias Eikeland, er oppvaksne i same bydel i Oslo.

– Det er veldig viktig å få fleire unge til å bli som han, som er bevisst på kva språk vi brukar.

Kunnskapsministeren håper at fagfornyinga i skulen kan bidra til andre samtalar og diskusjonar om språk enn tidlegare.

– Eg håper engasjementet for språk vil auke, at elevane kan undre seg over denne verda som språk eigentleg er. Det kjem også nynorsken til gode, meiner Brenna.

Gode intensjonar

Når det gjeld den nye opplæringslova, ville ikkje ministeren seie så mykje. Forslaget til ny opplæringslov frå den førre regjeringa har vore ute på høyring, men er ikkje vedteken enno.

– Men eg kan seie at eg har ingen intensjonar om å nedkjempa dei gode intensjonane som låg i den lova frå før, sa Brenna i april.

Ho nemner språkdelte ungdomsskule som ein positiv del av den



DISKUTERER: Kunnskapsminister Tonje Brenna og nyvald leiar for Norsk Målungdom, Tobias Christensen Eikeland, tek ein prat under landsmøtet.

Foto: Kristianne Marøy

nye lova, som ho ynskjer åvida-reføre.

Fortvilt rop frå rektorar

Kunnskapsministeren hadde tid til eit par spørsmål, og først ut var mållagsleiar Peder Lofnes Hauge. Han viste til ei undersøking som Lands-samanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Nynorskcenteret nyleg gjennomførte, som viser at rektorar på nynorskskular ynskjer hjelp frå staten. Kvifor? Fordi nynorskelever ikkje får den digitale skulekvarden på nynorsk som dei har krav på. (Les meir om dette på s. 8–9)

– Dette er eit fortvilt rop frå desse

rektorane. Vil du svare desse rektorane på ein måte som vil gjere dei nøgde, spurde Hauge til spreidd latter frå salen.

Brenna starta sitt svar med å understreke skilnaden mellom læremiddel og læringsressursar.

– Læremidla er det faglæren som bestemmer. Det er den pedagogiske fridomen som læraren har, og som eg meiner er bra. Der er det forlaga som har det store ansvaret for å sørge for at læremiddel er tilgjengelege, svarte ministeren.

Læringsressursar er svært van-



skeleg å regulere, og Brenna ynskjer heller ikkje å gjere det.

– Desse ressursane, som til dømes Faktisk.no, er noko som gjer undervisninga levande. Men det er sjølv sagt eit stort dilemma for oss



PÅ LANDSMØTET: Mållagsleiar Peder Lofnes Hauge, nestleiar Synnøve Marie Sætre og kunnskapsminister Tonje Brenna.

Foto: Kristianne Marøy

av Norsk Målungdom, Tobias Christensen Eikeland.

– Google blir større og større, og dei har billigare løysingar enn andre. Problemet er at ingen av desse er tilgjengelege på nynorsk. Dette er eit ansvar som Google nektar å ta, sjølv om til dømes Microsoft står nynorsk fullt ut. Korleis tenker du at vi kan ansvarleggjere Google, spurde han.

Det hadde ikkje Brenna noko godt svar på.

– Vi skulle ynskje at vi kunne påverke desse store selskapa på fleire måtar. Eg er einig i at det er ei stor utfordring. Men eg trur ikkje det hjelper om eg ringer til Google, svarte ho.

Leike, ikkje lære

Ho fekk òg spørsmål om språk i barnehagelærarutdanninga frå Ane Landøy, leiar i Hordaland Mållag.

som er opptekne av språk, for mykje er på engelsk.

Kan ikkje påverke Google

Kunnskapsministern fekk òg eit spørsmål om Google frå nyslått leiar



FEKK GÅVE: Tonje Brenna fekk med seg eit nett med nynorske barnebøker då ho besøkte landsmøtet i april.

Foto: Kristianne Marøy

Dagens utdanning gir ikkje kunnskap om korleis ein kan førebu borna på å bli nynorskelevar.

– Korleis vil ministeren betre dette, og særleg der nynorsken er i tilbakegang, spurde Landøy.

– Det som er krevjande med barnehage, er at mange tenkjer det er førebuing til skulen. Men det er eigentleg ikkje det, svarte Brenna.

Ein skal leike med språk i barnehagen, ikkje lære språk, sa ministeren.

– Elles er det overlate til det engasementet som finst der ute. Om til dømes barnehagelæraren har eit anna språk som morsmål, eller ein annan dialekt, som borna tykkjer er spanande.

Vil ha forslag

Til slutt var det Stein-Ove Thon, leiar i Ål og Hol Mållag, sin

tur. Han spurde kva Brenna vil gjøre med tilgangen på nynorske lærermiddel i opplæringa for vaksne innvandrarar.

Han nemnde mellom anna at nynorsk er ein viktig del av den lokale kulturen, og at det skapar praktiske utfordringar når born av innvandrarar lærer nynorsk medan foreldre lærer bokmål.

– Det å få kommunane til å kjøpe inn nok lærermiddel, er ei kjempeutfordring, sa Brenna.

Elles viste ho vidare til ministeren for forsking og høgare utdanning, Ola Borten Moe, som har dette som sine ansvarsfelt.

– Kom gjerne med forslag, om de har gode idear, oppfordra ho.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Kringkastingssjef fekk målblome

Avtroppande kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen vart tildelt ein målblome under landsmøtet til Noregs Mållag.

— DETTE ER ENORMT STAS, og eg set veldig stor pris på det, sa Eriksen frå talarstolen 1. april.

Langvarig engasjement

Eriksen har vore kringkastingssjef i NRK sidan 2013, og vil gå av i løpet av året. Han kjem frå Groruddalen i Oslo og har alltid hatt eit engasjement for språk.

Då han gjekk på Bredtvet vidaregåande skule på midten av 1980-talet, vart det arrangert avstemming om sidemål.

— Alle tenkte at dette var eit håplause prosjekt, men vi stod på. Og det vart eit ganske stort fleirtal for sidemål på Bredtvet i 1984–85, sa han, til applaus frå salen på Gardermoen.

Flaatt – og bra

Dette har Eriksen tatt med seg vidare til arbeidet i NRK.

— Språkoppdraget til NRK er viktig. Det er breiare enn den prosensen vi skal oppfylle. Det handlar om korleis vi brukar språket.

Det er over femti år sidan styremaktene kom med kravet som seier at 25 prosent av innhaldet på NRK skal vere på nynorsk. NRK har greidd kravet to gongar, i 2019 og 2021. I fjor var 25,4 prosent av innhaldet til NRK på nett, radio og TV på nynorsk.

Eriksen er oppteken av at NRK



PRIS: Mållagsleiar Peder Lofnes Hauge delte ut Målblome til kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen under landsmøtet i april.

Foto: Kristianne Marøy

skal løyse dei oppdraga som berre NRK kan gjøre.

— Det er flaatt at vi ofte ikkje greier å kome over 25 prosent. Men det er også viktig at vi når det målet, sjølv om det ikkje er noko bevis for at vi gjer ein fantastisk jobb. For vi må ha større ambisjonar enn det, meiner han.

— Stor ære

For Eriksen er det viktig å byggje på det folk kan frå før, og dermed få meir språkleg mangfold. Han tykte

det var ei stor ære å få Målblomen under landsmøtet i april.

— Mange har bidrige til det vi har fått til i NRK. Og eg ynskjer Noregs Mållag lukke til med arbeidet framover, sa han.

Nøgd styre

Det er styret i Noregs Mållag som med ujamne mellomrom deler ut Målblome til folk som har gjort ein innsats for nynorsken. I grunngevinga til årets tildeling står det mellom anna at Eriksen har sett

nynorsk øvst på arket under si tid i NRK:

«Han har brukt sjefsmakta og synt at god språkbruk er eit leiaransvar. Som kringkastingssjef har han sørget for å vere oppdatert og orientert om språkarbeidet, og forankra planar i toppleiringa, i divisjonane og hjå redaktørane sine. Derved har vedtak av handlingsplanar for språk blitt til operasjonell plan og ført til praktiske tiltak i redaksjonane.»

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no



ELDSJEL: NRK-profil og mangeårig språkrøktar Ingvild Bryn var òg på landsmøtet til Noregs Mållag.

Foto: Kristianne Marøy

Språkpris til Ingvild Bryn

Kringkastingssjefens språkpris for 2021 til programleiar i Dagsrevyen, Ingvild Bryn.

SAME DAG SOM kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen fekk Målblomen på Mållagets landsmøte i april, fekk NRK-tilsett Ingvild Bryn sjefens eigen språkpris. Ho fekk prisen for å bruke eit enkelt og forståeleg språk i formidlinga av nyhende.

Bryn starta NRK-karrieren i 1984, i NRK Hordaland. Etter det har ho mellom anna jobba i Dagsnytt og vore korrespondent for NRK i Stockholm og Washington.

ton. I 1992 leia ho si første sending av Dagsrevyen.

— Språk er ein lidenskap for meg. Eg jobbar med det eg brenn for, nemleg språk, sa ho til NRK då ho fekk prisen.

Bryn kjem ofte med råd til kollegaer om språk og formidling.

— Det er viktig at NRK held eit høgt språkleg nivå, og ser ein språkfeil, må ein seie ifrå. Vi har alle eit ansvar for språket, sa ho.

— Må kome frå toppen

Då Eriksen kom til Gardermoen for å ta imot Målblomen, var Bryn med. Ho var full av godord om sin eigen sjef.

— Eg vil understreke at det er heilt riktig å gi Målblome til Thor Gjermund. Det må kome frå top-

pen om vi skal få noko gjort, sa ho til landsmøtesalen.

— I februar 2019 sa han: I år skal vi klare nynorskkravet! Desse orda kunne eg ta med meg vidare til distriktskontora. Det betydde alt. Og så var det ei utrølig stor glede då vi greidde det.

Haldningsendring

Bryn har opplevd negative haldningar mot nynorsk i løpet av si tid i NRK. Men ikkje no lenger.

— Eg får aldri høyre nedsetjande ord om språket mitt i dag. Så her har det skjedd ei haldningsendring. Og Thor Gjermund har bidrige til det, så vi er to veldig blide prisvinrar i dag, sa ho frå talarstolen.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no



NYTT PROGRAM: I april stemte landsmøtet fram eit nytt prinisipprogram for Noregs Mållag, det første på 25 år.

Foto: Kristianne Marøy

Prinsipprogram for Noregs Mållag

Vedteke 2. april 2022

Føremål

Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir meir brukt i heile Noreg. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna tala dialektene sin.

Grunnlag

Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje alle tilgang til skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.

Det nynorske skriftspråket er ein umissande del av den språklege og kulturelle arven for alle som bur i Noreg, og det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar.

Det er ei viktig internasjonal oppgåve å ta vare på dei mange

språka som er under press frå språk med fleire eller mektigare brukarar. Noregs Mållag ser arbeidet for nynorsk som del av ei brei internasjonal rørsle for å tryggja og styrkja utsette språk.

Samfunnsberande språk

Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet. Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som samfunnsberande språk.

Styresmaktene må syta for at det i heile landet er enkelt å bli nynorskbrukar og å halda fram som nynorskbrukar. Nynorsk må haldast ved like og styrkjast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk.

Norsk skal halda fram med å vera det samfunnsberande språket i Noreg. Noregs Mållag skal stå fremst i kampen for å hindra at engelsk tek

over viktige domene. Alle skal ha rett til å nytta norsk språk i norsk skule og arbeidsliv.

Vi skal kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar i Noreg. Nynorsk skal vera likestilt med bokmål i den digitale språkutviklinga.

Dugleik og fellesskap

Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfelleskapen. Å kunna nynorsk er ein føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle skal ha rett til fullgod opplæring i og på nynorsk.

Talemål

Det er ein demokratisk rett å kunna bruka sitt eige talemål. Dei norske dialektane er det historiske grunnlaget for nynorsken. Dialektbruk er akseptert og normalt i dei fleste samanhengar, men dialektmangfal-

det er like fullt under press. Noregs Mållag forsvarar dialektar og dialektbruk. Noregs Mållag står bruk av normert nynorsk tale.

Mindretalsspråk

Noregs Mållag står brukarane av mindretalsspråk og minoritetsspråk i kampen deira for språklege rettar. Vi står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfold i Noreg. Det gjeld særleg dei samiske språka, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani, romanes.

Noregs Mållag og prinsipprogrammet

Medlemene i Noregs Mållag legg prinsipprogrammet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einskildsaker og samarbeida med andre organisasjonar når det tener målsaka.

Nynorskelevane må sikrast digitale læremiddel på nynorsk

Ei ny opplæringslov må vere klokkekla i kravet til både norske lærermiddelprodusenter og internasjonale selskap. For å bli brukt i norsk skule må produktet ligge føre på norsk, både på nynorsk og på bokmål til same pris og same tid.

LANDSMØTET I NOREGS Mållag bed kunnskapsministeren om å sikre nynorskelevane like god tilgang på digitale læremiddel, læringsverktøy og kontorstøtteprogram som bokmålselevane har. Den digitale kvardagen fyller klasseromma til nynorskelevane med bokmålslæremiddel, og gjev dei ei dårlegare lese- og skriveopplæring.

I dag er ansvaret for å handheve lova skuva over på tusenvis rektorar og titusenvis lærarar. Dette er ei

statleg ansvarsfråskrivning, og nynorskelevane betaler prisen. Staten lyt ta ansvar for å handheve opplæringslova.

For å sikre dette må

- definisjonane av kva eit lærermiddel er, femne breiare
- digitale læremiddel kome til same tid og pris på nynorsk og bokmål
- kontorstøtteprogram som blir brukt i skulen, ligge føre på både nynorsk og bokmål
- eit statleg organ handheve lova
- det opprettast eit statleg register med oversyn over kva læremiddel som er lovleg. nye reformer og planar ikkje bli sette i verk før det er gått eit skuleår.

Fråsegn vedteken på landsmøtet til Noregs Mållag 3. april 2022.



Det må løne seg å skrive norsk i akademia

Norsk språk er under press i akademia, og særleg nynorsk. Nedgangen i bruken av norsk i akademia er dramatisk. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner dette er ein situasjon som må takast på alvor, og at det blir sett i verk tiltak for å snu utviklinga.

ONSDAG 30. MARS kom ekspertgruppa for akademisk ytringsfridom med sin NOU Akademisk ytringsfrihet – God ytringskultur må bygges nedenfra, hver dag. Utgreiinga tek opp at kunnskapsformidling er viktig, og at denne må skje på det norske fellesspråket. Noregs Mållag er svært glad for at utvalet slik ser på bruken av norsk språk som ein viktig del av den akademiske ytringsfridomen.

Fleire rapportar syner at engelsk i aukande grad blir brukt både i pensum litteratur, i undervisning og i vitakapeleg arbeid. Skal norsk vere samfunnsberande språk, er det viktig at det finst fagspråk og terminologi for alle område. Universitets- og høgskulesektoren har eit særleg ansvar for å utvikle dette, slik det går fram av universitets- og høgskulelova. Det er difor gledeleg at utvalet føreslår at Kunnskapsdepartementet forskrifts-

festar krav om norsk samandrag i doktorgradsavhandlingar, og at utvalet slår fast at institusjonane må bidra til utvikling av fagterminologi.

Sidan det i vitakapeleg arbeid vert publisert mest på engelsk, er det i forskingsformidling og læremiddelutvikling terminologiutviklinga skjer. Men i dag er det få insentiv for å drive slikt arbeid, og såleis vert terminologi- og fagspråksarbeid nedprioritert. Dette skadar norsk språk, både bokmål og nynorsk.

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling gav i 2021 ut rapporten: «Språkstrategiar i høgare utdanning». Her er deira klare tilråding at det nasjonalt bør: bli oppretta ei insentivordning som sikrar arbeidet med norsk fagspråk og terminologi. Skriving av læremiddel, leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. bør bli premiert og prioritert. Dette kan til dømes leggjast inn i ei meriteteringsordning for god undervisning og gode førelesarar. Dette er forslag Noregs Mållag sluttar seg til. Utvalet vil ikkje gå så langt, men meiner tilsette må få til å skrive leksikonartiklar og lærebøker. Difor meiner me at Kunnskapsdepartementet må få på plass ei slik ordning. Me må sikre norsk fagspråk og gje vitakapeleg tilsette insentiv til å drive fram arbeidet med dette.

Fråsegn vedteken på landsmøtet til Noregs Mållag 3. april 2022.

Nynorsk i barnehagelærar-utdanninga

Det skal vere ein samanheng mellom barnehage og barneskole.

TIDLEG INNSATS i språkopplæringa styrkar språkutvikling, evne til å uttrykke seg sjølv og er med på å etablere ein felles identitet. I dag gir ikkje barnehagelærarutdanninga studentane kompetanse og kunnskap om korleis dei skal førebu borna og foreldra deira på at borna skal bli nynorskelevar. Dette skaper ekstra pedagogiske og språkpolitiske utfordringar for lærarane, foreldra og kommunane.

Landsmøtet i Noregs Mållag krev at departementet tek inn i rammeplanen for barnehagelærarutdanninga at utdanninga skal gjere barnehagelærarane til gode nynorskpedagogar, og såleis sikre ein god overgang frå barnehage til skole.

Fråsegn vedteken på landsmøtet til Noregs Mållag 3. april 2022.





FEM FRÅSEGNER: Landsmøtet i Noregs Mållag i april vedtok fem fråsegner etter debatt i salen.

På høg tid med ny-norsk i Visit Norway

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner departementet må stille språkkrav i tråd med språklova, og auke nynorskdelene på heimesidene til Visit Norway.

NETTSIDA VISIT NORWAY er den offisielle reiseguiden som Innovasjon Noreg har utvikla på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Visit Norway er ei storsatsing som skal gjere det enkelt å reise i Noreg, og inneholder tusenvis av oppføringer frå lokale reiseverksemder.

Reiselivssatsinga Visit Norway er betalt av staten, og det er svært påfallande at det ikke er redaksjonelt innhald på nynorsk. Nynorsk finn du først når du har klikka deg inn på enkelte reiselivsverksemder som presenterer seg på nynorsk. Alle veit at nynorskområda er svært attraktive og populære reisemål. La difor denne reisa også bli ei språkleg reise i Noreg.

Føremålet med den nye språklova er nettopp å fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk. Dette oppdraget har heile staten, og no er det på tide at Nærings- og fiskeridepartementet tek språkleg ansvar og gjev Innovasjon Noreg og Visit Norway eit nynorskoppdrag.

Nettsida til Visit Norway bør fordele teksten mellom nynorsk og bokmål, og alle annonsane i avisene og TV som blir betalt av oss alle, bør ha same språkdelinga.


Fråsegn vedteken på landsmøtet til Noregs Mållag 3. april 2022.



Fråsegn for Ukraina

Fråsegn frå Noregs Mållag, samla til landsmøte 1.-3. april 2022.

Noregs Mållag, samla til landsmøte 1.-3. april 2022, står det ukrainske folket i kampen for sjølvstende, fred og fridom. Noregs Mållag krev at Russland avsluttar krigføringa og trekker dei væpnede styrkane sine attende til internasjonalt anerkjende grenser.




MAISAL!

-50%

rabatt på alle bøker
frå 2021 på Samlaget.no

TILBODET GJELD BERRE T.O.M. 31. MAI 2022

Samlaget



Kjemp for æ, ø og å

DEI 3 SISTE bokstavane i da norske alfabetet (æ, ø og å) e unike for nordiske språk, om enn æ- og ø-lyden har eigen bokstav også i tysk (med teikna å og ö, som i svensk). Men i nettrev er da i praksis uråd med netadresser som inneholder æ, ø eller å, slik at nettkommunikasjon som ettekvart i stor grad har øvetatt for vanlege brev, og elles bidratt til ein enorm auke i skriftleg kommunikasjon, har svekka æ, ø og å sin posisjon i skriftspråket.

Den danske kommunen Århus (som e korrekt skriveform på norsk valde i 2011 å gå tebakars te skrivemåten 'Aarhus' som den offisielle, fordi etter da eg har hørt, politikarane følte at skriveforma 'Århus' stod i veien for å bli forstått elles på kontinentet.

Desverre vil ord og skrivemåtar med lite utbreiing lett forsvinna. Difor er da nødvendig å kjempe for våre unike bokstavar æ, ø og å (evt svensk/tysk skrivemåte for æ og ø). For lydane desse bokstavane representera, skil seg klart frå dei andre bokstavane i alfabetet vårt, og ikkje minst fører æ, ø og å til ei forenkling av skriftspråket, med 'å' istadenfor 'aa' som eit klart døme i norsk språkhistorie.

På Bergenskonferansen for 3 år sidan tok eg opp detta problemet; den manglande muligheten til å bruka æ, ø eller å i nettrev, med språkdirektør Åse Wetås. Men framleis må me skriva post@sprakradet.no. Eg oppmodar altso Språkrådet på ny om å prioritera innsats for å kunna bruka

postadresser på nettet som inneholder æ, ø eller å.

Elles, viss me skal vera alfabet-konsekvente, bør mången lydar i norske ord skrivast med 'æ' istadenfor med 'e'. Å (= Og) 'o' blir brukt i mången ord med å-lyd, som i ordet 'post'. Denne manglande alfabet/lyd-konsekvensen (som heldigvis er mykje mindre i norsk enn i t.d. ængelsk å fransk) vil auka risikoen for at intligærnnte logisk årienterte elevar slit med rettskrivinga.

Rettsskrivinga er desverre delvis basert på historiske skrivemåtar, där ein betydeleg del er importerte ord med latinbaserte alfabet/lydinkonsekvensar. Og ikkje minst: skriftspråk blir i dag desverre innlert ved puggeprinsippet; ved mengdebruk av etablerte skrivemåtar - istadenfor å vera prinsipp-basert ved å ta utgangspunkt i kva språklydar ein høyrer. Og ut frå da ein høyrer - med ein universell lyd/skriftteikn-øveføringslogikk, resonnera seg fram til ka skrift-teikn som skal nyttast.

Eg tenker altso analogt med prinsipp-bruken i matematikken, där ein tydeleg og konsekvent funksjonslogikk forenklar både presisjonen og kommunikasjonen.

P.S: eg har i tråd med budskapet mitt, samt med nåke dialektbruk, i denne artikkelen pådratt meg mange fārmælle skriftefæil. Mæn eg vonar lesarane av Norsk Tidend alt i alt hælsar dæsse skriftefæil'na velkåmmen.

Vidar Sætre,
Åsane/Bergen



Eg oppmodar altso Språkrådet på ny om å prioritera innsats for å kunna bruka postadresser på nettet som inneholder æ, ø eller å.

Vidar Sætre



Mellom 25. januar og 19. april fekk Noregs Mållag 345 940 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Lars Aasbø
Reidun Gilje
Jon Olav Gryting
Aud Åsen Haugsgjerd
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Knut K. Homme
John Gustav Johansen
Ragnar Kaasa
Ingebjørn Lauvstad
Jon Kolbjørn Lindset
Ragnhild Olavsdotter Nomeland
Rune Nyland
Sigrid Bjørg Ramse Øystein Rød
Tone Stålesen
Helge Ove Tveiten
Bjørg Valborgland
Olav Vehus
Jens Velle
Olav Torj Åkre

AUSTMANNA-LAGET

Brynjulf Aartun
Syver Berge
Ole Bjerke
Anders Bjørge
Per T. Borkhus
Else Petra Borkhus
Eldrid Brandvol
Jon Steinar Bredeveien
Jostein Brenden
Råmund Bruheim
Ivar Bungum
Ingvild Marie Eknæs
Inger Lise Fiskvik
Tordis Irene Fosse
Kristin Fridtun
Torstein K. Garmo
Randi Therese Garmo
Berit Gommæs
Kjell Gulbrandsen
Erik Hanssveen
Olav Haraldseid
Magnhild Harsheim
Gauta Elvesæter Helland
Marit Hoff
Bjarte Hole
Ola Holen
Dag Johansen
Helene Strand Johansen
Per Rolf Johnsen
Ola Jonsmoen
Håvard Kleiven
Harald Kleppe
Inger Margrethe Kyllingstad
Grete Langodden
Magnhild Enger Lia
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Anne Midtbø
Inger Margrete Myhre
Asbjørn Myrvang
Øyvind Nordli
Jørgim Nordsletten
Jørgen Norheim
Odd Arne Nustad
Olaf Nøkleby
Borgfrid Nørdsti
Jørgen Nørstegard
Ola Magne Robøle
Tone Rui
Magne Rydland
Kari Røssum
Ivar Schjølberg

Gunnar Skirbekk
Ola Skrinde
Egil Skullerud
Arne Skuterud
Nils Steinar Slapgård
Liv Solheim
Inger Kirsten Stagrim
Reidar Svara
Sverre Sørø
Ola Tronsmoen
Lars Ullgren
Olav Veka
Magne Velure
Åse Grønljen Østmoe
Rolv Kristen Øygard
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset
Niri Baklid
Maria Høgetveit Berg
Tor O. Bergum
Hans Borge
Herbjørn Brennhovd
Ingrid Hals
Syver Hjelmen
Oddbjørn Jorde
Frode Kinserdal
Sylfest Laingen
May Johanne Molund
Ingunn Asperheim Nestegard
Gro Randen
Ola Ruud
Kirsten Skarlund
Kjell Snerte
Halldis Aalvik Thune
Sigrun Torsteinsrud
Knut S. Torsteinsrud
Sigurd Tveito
Inge Velle
Øystein Velure
Solveig Vestenfor

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Solveig Fiskvik
Aamodt
Reidar Aasgaard
Ruth Amdahl
Gurid Aga Askeland
Anne Krøgli Auen
Børre Austmann
Vebjørn Bakken
Jostein Bernhardsen
Reidar Børnerheim
Erlend Bleie
Per Johan Boneng
Reidar Borgstrøm
Kari Hjørdis Brandal
Hæge Marie Roholdt Brunvatne
Tormod Bønes
Kari de la Cour
Tove Karina Eidammer
Hans Magne Ekre
Martin Enstad
Kirsten Osmo Eriksen
Kjersti Fjeldstad
Liv Flugsrud
Sjur Joakim Fretheim
Tor Fuglevik
Tor Gabrielsen
Kåre Glette
Tom Kristian Grimsrud
Øystein Grønmyr
Jostein Gronset
Oddrun Grønvik
Geir Gunderson

Erik Hardeng
Anna Sigridsdatter
Heen
Ola M. Heide
Botolv Helleland
Live Mari Henriksen
Bård Hermansen
Sigrun Heskestad
Audun Heskestad
Kjell Peder Hoff
Halldor Hoff
Kjetil Torgrim Homme
Johannes Hope
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Brita Hunskar
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Ingeborg Hauge Høyland
Erling Indreeide
Jens Kihl
Laurits Killingbergrø Knut Kjeldstadli
Harald Sverdrup Koht
Bård Kolltveit
Dagrun Kvammen
Edvard Lauen
Tor Einar Ljønes
Helge Lorentzen
Trond Øivindsson Lunde
Anders Lunnan
Martinus Løvik
Jon Låte
Lars Meling
Norvald Mo
Per Helge Mork
Finn Måge
Solveig Nerol
Øystein Njål Nordang
Kjellaug Norli
Svein Johann Ose
Alain Egil Adrian Ramdal
Astrid Alvlaug
Ramnefjell
Magnhild Reisæter
Yngve Rekdal
Asbjørn Roaldset
Gunnar Rusten
Frøyd Marie Ruud
Kari Rysst Seemann
Olav R. Skage
Synnøve Skjong
Arve Skutlaberg
Hanne Solheim
Sigrid Solheim
Hanne Sperstad
Agnete Strand
Harald Støren
Leif Sundheim
Ellen Marie Svea
Sissel L Sæbø
Bent Arne Sæther
Jostein Sønnesyn
Tordis Thorsen
Jostein Tjøre
Halvor Tjønn
Asbjørn Tolsrød
Øystein Tommodsgard
Sverre Tusvik
Stein Tveite
Steinar Tveitnes
Marta Sofie Norheim
Tvetene
Johan Kristian Tønder
Ivar Vasaesen
Alvhild Venås
Guri Vesaas
Kjetil Vistad
Jørgen Vogt
Per Ivar Vaagland

Roald Waktskjold
Arne Wåge
Dag Ødegaard
Kristen Øyen

HORDALAND MÅLLAG

Ingvild Aarbakke
Gunnstein Akselberg
Livar Aksnes
Audbjørn Aldal
Solveig Almås
Arne Andersen
Sigrid B. Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Håkon Askeland
Arild Berge
Leidolv Berge
Marit Berge
Janecke Bergh
Kristen Bergsvik
Eli Bergsvik
Dagrun Berntsen
Ansgar Bjelland
Tone Reinskou
Bjørvik
Reidun Bjørnberg
Dag Bjørnevoll
Asbjørn Bjørnset
Solveig Bjørsvik
Lars O. Bleie
Oddbjørn Borge
Trond Botnen
Arne Brattabø
Reidar Bremerthun
Endre Otto Brunstad
Jostein Buene
Judit Anita Børve
Arve Dale
Reidar Dale
Knut O. Dale
Olav Digernes
Kristian Djuvstrand
Hans Birger Drange
Inge Draugsvoll
Torbjørn Dyrvik
Jan-Egil Dyvik
Bjørgulv Johan Eik
Ingunn Eitrheim
Eirik Ingolf Eldøy
Reidun Emhjellen
Yngve Endal
Brynhild Enerhaug
Øystein Erstad
Jofrid K. Espeland
Arnold Farstad
Rune Fjeld
Bergit Utne Fjelde
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Jon Fosse
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Knut Martin Fylkesnes
Jostein Gimmestad
Hans Gjerde
Laila Martine
Gjerland
Paul Kåre Gjuvstrand
Lars Gjøstein
Sigve Gramstad
Endre Grutle
Solveig Grønlien
Sverre Tusvik
Stein Tveite
Steinar Tveitnes
Marta Sofie Norheim
Tvetene
Johan Kristian Tønder
Ivar Vasaesen
Alvhild Venås
Guri Vesaas
Kjetil Vistad
Jørgen Vogt
Per Ivar Vaagland

Aslak L. Helleve
Knut Johannes Helvik
Linn Hjartnes
Henjum
Jan Kåre Henriksbø
Johannes Heradstveit
Kåre Herfindal
Robert Hermansen
Kjartan Hernes
Sjur Herre
Else Marie Kind
Hevrøy
Eli Hillersøy
Olrun Hild Hillesstad
Marit Hjartåker
Eivind Hjelle
Annbjørg Rebbestad
Hillesstad
Liv Marit Ådnanes
Hjelmeseter
Sissel-Anny
Hjelmteit
Grete Oline Hole
Ingunn Holmedal
Karl Johan Holmås
Karl Hope
Arnfinn Hopland
Helge Hopland
Oddmund Hus
Bjørn Husefest
Lars O. Bleie
Johanne Telnes
Instanes
Reidar Instanes
Geir Instanes
Ruth Jørgensen
Ingvild Jøsendal
Randi Jåstad
Folke Kjelleberg
Marit Klette
Olav Kobbeltveit
Ståle Kolbeinson
Olaug Krakevik
Åsta Kårevik
Ane Landøy
Morten Langeland
Åsmund Lien
Arne Morten Lirhus
Torgrim Ljones
Marit Merete Lunde
Torun Lyssand
Per Lægreid
Torstein Løning
Frode Mannsåker
Margunn Rydland
Melkersen
Leif Bjørn Monsen
Olav K. Morken
Lillian Morvik
Einar Myster
Nils Mæhle
Lars Mæland
Eldbjørg Møllerup
Johannes A. Måge
Bjørg Odlaug Måge
Olav Steinar
Namtvædt
Marit Nedreli
Eli Karin Nerhus
Gunnvor Ness
Arne Olav Nilsen
Øyvind Nitter
Lisbeth Norendal
Helge Martin Nygård
Egil Nysæter
Asle Nævdal
Sigfrid Rogne Naasen
Audun Offerdal
Odd Joran Oldervik
Tora Opdøl
Åse Opheim
Aud Oppedal
Anfinn Otterå
Kjell Paulsen
Johnny Ottar Pedersen

Rannveig Reigstad
Arild Reigstad
Berit Reinsaas
Kjetil Revheim
Lars Riise
Sverre Audun Rikstad
Gunnar Ro
Solfrid Rødne
Magnhild Røtteit
Halvor Røysset
Håkon Sagen
Mette Samdal
Lars K. Sandven
Solbjørg Åmdal
Sandvik
Helge Sandøy
Heidi Seifaldet
Torbjørn Seim
Matias Vidnes Seip
Lars Sekse
Mons Ole Dyvik
Sellevold
Bjarne Skarestad
Nils K. Skeie
Olav Johannes Skeie
Gunvald Skeiseid
Ingunn Skjelvan
Arne Skjerven
Bjarne Skjold
Harald Skorpen
Oddvar Skre
Anne Marie Skurtveit
Kaare Skaala
Kari Smith
Jostein Småbrekke
Erling Småland
Harry Solberg
Turid Solberg
Asbjørn Solberg
Ragnhild Edith
Solvang
Maria Skurtveit
Spangelo
Halldis Spilde
Idar Stegane
Arjen L H Stolk
Nelly Storebø
Gerhard Inge Storebø
Sverre Storøy
Hans L. Strømsæther
Rolf Sigmund Sunde
Thea Sunde
Åshild Sveinsjørd
Lars Børge Sæberg
Ingebjørg Dønhaug
Sæbø
Anne Sæland
Leif Helge Særsten
Arne Søyland
Bjarte Tolaas
Svanhild Toppe
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Odd Tøndel
Tora Tønder
Bjørn Tøsdal
Oddbjørn Ulveseth
Terje Gerhard Valen
Brit Valland
Anna K. Valle
Rigmor Nesheim Vaular
Unni Urdal Vedå
Randi Vengen
Kjersti Ingolfsdotter
Vevatne
Aud Liv Hole Viike
Magne Julian Vik-Mo
Inger B. Vikøren
Ingebjørg Viste
Agnes Råket Vågslid
Karl Petter Vårdal
Paula Ingelin
Hermichen Øen
Einar Øyre
Marit Åkre

KARMSUND MÅLLAG

Steinar Aalvik
Asbjørn Djuv
